

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.03.2021

Stian Jean Opedal Davies (A) stilte spørsmål kring eiga habilitet da representanten sin mor sin tremenning er styreleiar i Veteranbåtlaget MS Lindenes. Davies trådde frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vedtok samrøystes at Davies ikkje er inhabil i saka etter fvl. § 6 første ledd bokstav b.

Magni Aa Berge (Sp) stilte spørsmål kring eiga habilitet fordi hun er gift med Kjartan Aa Berge som er direktør i Musea i Sogn og Fjordane. Berge trådde frå då utvalet vurderte hennar habilitet. Utvalet vedtok samrøystes at Berge er inhabil etter forvaltningslova § 6 anna ledd da Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er part i saka.

Berge trådde frå under behandling av denne saka.

Avrøysting

Det var 13 medlemmer til stades.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune fordeler tilskot til forvaltning og drift av verna fartøy frå budsjettpost 440304 - Drift av verna fartøy slik:

	Fartøy	Søklar/eigar	Omsøkt	Tildelt
1	Atløy	Veteranbåtlag Atløy	270 000	140 000
2	Eitrheim	Jan Helge Oppedal	15 900	0
3	Gamle Nyborg	A. Andersen Shipping AS	114 498	65 000
4	Granvin	Veteranskipslaget Fjordabåten	578 000	200 000
5	Hardingen sr.	Vestlandske Trafikk A/S	2 975 000	0
6	Haugefisk	Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane	100 000	90 000
7	Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	120 000	100 000
8	Mathilde	Hardanger og Voss museum	300 000	240 000
9	Midthordland	Det Midthordlandske	150 000	110 000
10	Nybakk	Ms Nybakks Venner	83 346	75 000
11	Oster	Nordhordland Veteranbåtlag	150 000	120 000
12	Stord I	Stiftelsen D/S Stord 1	500 000	385 000
13	Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	3 600 000	150 000
14	Svanhild	Stiftinga Svanhild	250 000	100 000
15	Vestgar	Øygardsbåtane AS	200 000	145 000
16	Vulcanus	Vulcanus Taubåtkompani	250 000	80 000
			9 656 744	2 000 000

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, får fylkesdirektøren høve til å omfordele midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.